

3. Byrkjeland, J.: «Minkar vidda av brukande åkerland i kystbygdene trass i stor årleg nydyrking?» Meddelelser fra Det norske myrselskap, 39. årgang, 1941.
4. Stenberg, M.: «Gisselåsmyreens sättning under tioårsperioden 1922—1932». Lantbruksveckans handlingar 1935. Bilag til Svenska Mosskulturföreningens tidskrift 1935.
5. Prytz, K.: «Tørvemassens Sammensynkning i Store Vildmose». Maale-resultater 1923—41. Nordisk Jordbruksforskning. København 1943.
6. Løddesøl, Aasulv: Soil conservation problems in Norway. United Nations scientific conference on the conservation and utilization of resources, Lake Succes, 1949.
7. Løddesøl, Aasulv: Norway has problems, too. Soil Conservation magazine, Vol. XVI, No. 2, Washington, 1950.
8. Braadlie, O.: «Undersøkelser over drenvann fra leirjord og myrjord». Tidsskrift for det norske Landbruk. 37. årgang, 1930.
9. Løddesøl, Aasulv: «Soil destruction in Norway». Norsk Geografisk Tidsskrift, bind XI, 1947.
10. Løddesøl, Aasulv: «Jordødeleggelsen i våre kystbygder». Meddelelser fra Det norske myrselskap, 34. årgang, 1936.
11. Landbruksdepartementet. Utgreiing om jordødeleggelsen ved urasjonell torvdrift i kystbygdene på Vestlandet, i Trøndelagen og Nord-Norge og om tiltak som tar sikte på å stanse jordødeleggelsen, bl. a. også forslag til lov om jordvern. Innstilling nr. 10 fra Komiteen for myr- og jordvern i kystbygdene. Oslo 1946.
12. Streitlien, Ragnar: «Lyngsviding i hei og beitesmark». Meddelelser fra Det norske myrselskap, 47. årgang, 1949.

## NEDBØR OG TEMPERATUR M. V. PÅ MÆRESMYRA 1946—49.

*Av forsøksassistent Aksel Hovd.*

Målingane har haldi fram i same omfang som før, altså nedbør-målingar heile året, og temperatur-målingar i veksttida mai—september. Observasjonane er utført på same stad frå våren 1939 til våren 1949. Etter krav frå Meteorologiske institutt vart da måle-apparata flytta til ein heilt fritt-liggande stad ca. 40 m frå husa på forsøkgarden, der målingane tok til 1. mai 1949.

### *Nedbør.*

Frå og med 1922, altså i 28 år, har vi havt nedbørmålingar her på Mæresmyra.

Det meteorologiske institutt har (hausten 1948) rekna ut ny — eller korrigert nedbørnormalen for årsbolken 1901—1930 etter dei siste års målingar. For nedbørsstasjonar som ikkje har vori i drift heile denne årsbolken, er normalen utrekna på grunnlag av nedbørstala frå nabostasjonane etter nermare nøyaktig utarbeidde metoder.

I tabell 1 er oppført normalnedbør, og likså skilnaden frå normalen for kvar månad i åra 1946—49.

Av desse åra er det berre 1949 som har over normal nedbør, dei

Tabell 1.

## Nedbørmålingar på Mæresmyra 1946—49.

Månad	Normal nedbør m/m	Skilnad frå normalen i m/m				Nedbørdagar medel 28 år	Nedbørdagar i åra			
		1946	1947	1948	1949		1946	1947	1948	1949
Januar . . . . .	69	÷18	÷53	÷53	+56	15	10	11	9	28
Februar . . . . .	55	+17	÷40	÷26	+49	15	17	12	14	23
Mars . . . . .	55	+12	÷22	+10	+6	15	17	18	22	15
April . . . . .	35	+89	+27	+10	+21	14	26	24	17	22
Mai . . . . .	45	÷21	÷19	÷11	+45	13	14	7	19	24
Juni . . . . .	57	+57	+36	÷20	÷9	16	27	15	16	20
Juli . . . . .	67	÷21	+12	÷15	+1	15	18	21	18	18
August . . . . .	83	÷30	÷56	÷52	÷4	17	15	12	14	24
September . . . . .	82	÷5	+31	+27	÷46	19	19	25	26	17
Oktober . . . . .	86	÷58	+67	+46	+13	18	13	23	25	27
November . . . . .	73	÷18	÷32	÷3	÷45	14	13	13	26	16
Desember . . . . .	57	÷42	+36	+20	÷18	15	6	22	20	26
Året - sum . . . . .	764	÷40	÷14	÷69	+69	186	195	203	226	260
Mai/sept. sum . . . . .	334	÷20	+4	÷71	÷13	80	83	80	93	103

andre ligg i underkant av normalen, men skilnaden er ikkje serleg stor for noko av dei. Med unnatak av siste året, har vintrane jamt-over vori nedbørfatige. Januar og til dels februar har under normal nedbør, mars svingar kring normalen og det same gjer november og desember, men i 1949 var det over normal nedbør alle månader til og med mai.

Våren, (serleg april) er jamt turraste tida her, men i 1946 og tildels i 1947 og 49 har det vori stort overskott av nedbør, dei 2 første åra serleg i april, og siste året i mai.

Både i 1946 og 49 var soleis vårarbeidet sers tungt og vanskeleg på myra serleg siste året då det ingen tele var. 1947 hadde vi sers djup og fast tele og ganske leit våronn og i 1948 var det sers tidleg vår og etter måten lite nedbør så vårarbeidet fall lett — trass i at det ingen tele var.

Tung eller lett våronn står — også på myrjord — sjølsagt mykje på véret, høveleg nedbør og dessutan bra tele, endå velmolda myr smuldrar bra sjøl om ho er noko våt. Men med den etter måten veike grøftinga her på myra (16 m avstand og 80—90 cm djupe grøfter) vert vårarbeidet noko vanskeleg i våte år med lite tele.

Juni var noko våt både i 1946 og 47, men hadde litt under normal nedbør dei 2 siste åra.

Juli har kring normal nedbør og bra bergingsvær for høyet dei

Tabell 2.

Temperatur og nedbør i veksttida på

Månad	Temperatur C°				
	1946	1947	1948	1949	Normal
Mai 1—5 . . . . .	6,5	5,5	3,9	6,6	—
6—10 . . . . .	4,4	11,5	12,9	4,3	—
11—15 . . . . .	5,1	11,1	12,3	10,0	—
16—20 . . . . .	7,4	6,9	10,2	13,5	—
21—25 . . . . .	13,2	11,3	5,1	10,4	—
26—31 . . . . .	14,8	9,1	8,2	10,9	—
Medel/sum . . . . .	8,75	9,21	8,74	9,33	8,20
Varmesum . . . . .	271	285	271	288	254
Juni 1—5 . . . . .	11,3	7,3	13,9	14,8	—
6—10 . . . . .	10,8	9,2	11,9	10,4	—
11—15 . . . . .	9,2	8,7	9,6	11,2	—
16—20 . . . . .	13,1	17,9	8,7	9,6	—
21—25 . . . . .	13,9	17,1	10,9	9,7	—
26—30 . . . . .	14,7	18,5	12,6	15,3	—
Medel/sum . . . . .	12,16	13,12	11,26	11,76	11,60
Varmesum . . . . .	365	393	338	354	348
Juli 1—5 . . . . .	14,0	15,8	17,6	14,4	—
6—10 . . . . .	12,2	12,8	17,3	14,4	—
11—15 . . . . .	17,7	11,8	17,2	10,9	—
16—20 . . . . .	17,9	21,7	13,6	10,6	—
21—25 . . . . .	17,2	19,6	13,2	12,4	—
26—31 . . . . .	14,7	13,4	16,4	11,8	—
Medel/sum . . . . .	15,57	15,77	15,91	12,39	15,40
Varmesum . . . . .	483	489	493	384	477

3 første åra, men i 1949 noko ulagleg bergingsvær sist i månaden, og i august fylgjer nedbøren og soleis også skurd- og bergingsvær for kornet nokså nøye tilhøva i juli desse åra — altså fint bergingsvær dei 3 første — mindre bra siste året.

Hausten — september og oktober hadde under normal nedbør i 1946 og 49, men både i 1947 og 48 var hausten våt med vanskeleg berging. Alt i alt var 1946 eit lagleg år når det gjeld nedbøren, medan dei andre åra tildels var noko ulaglege. I 1946 var avlinga her på

Mæresmyra. Pentademidlar 1946—49.

Frostnetter-temp. under 0,0 ° C								Nedbør m/m			
1946		1947		1948		1949					
Under 0,0 °	Lågste min.	Under 0,0 °	Lågste min.	Under 0,0 °	Lågste min.	Under 0,0 °	Lågste min.	1946	1947	1948	1949
2	÷0,5	4	÷3,5	4	÷5,2	1	±0,0	6,7	—	6,9	11,1
1	÷1,0	1	±0,0	—	—	1	±0,0	11,4	—	0,0	11,2
—	—	—	—	—	—	—	—	4,8	0,0	6,1	8,9
2	÷3,0	4	÷3,0	—	—	—	—	0,2	1,4	1,1	1,7
—	—	—	—	2	÷4,0	—	—	0,4	11,8	2,9	17,2
—	—	—	—	2	÷3,0	—	—	—	12,4	17,2	39,9
5	÷3,0	9	÷3,5	8	÷5,2	2	±0,0	23,5	25,6	34,2	90,0
—	—	—	—	—	—	—	—	—	Normal	45	—
—	—	1	÷1,8	—	—	—	—	21,0	12,0	24,5	4,4
—	—	—	—	—	—	—	—	28,2	20,2	2,6	12,9
1	÷0,8	1	÷1,0	2	÷0,5	1	±0,0	6,9	48,2	0,0	13,6
1	±0,0	—	—	1	±0,0	—	—	2,0	0,0	5,0	15,0
—	—	—	—	1	±0,0	1	±0,0	9,7	11,0	3,2	0,0
—	—	—	—	÷	—	—	—	46,5	2,1	1,8	2,2
2	÷0,8	2	÷1,8	4	÷0,5	2	±0,0	114,3	93,5	37,1	48,1
—	—	—	—	—	—	—	—	—	Normal	57	—
—	—	—	—	—	—	—	—	26,4	8,7	1,8	20,8
—	—	—	—	—	—	—	—	2,1	42,3	2,4	3,0
—	—	—	—	—	—	—	—	0,3	11,8	7,3	4,6
—	—	—	—	—	—	1	±0,0	—	0,2	6,8	3,2
—	—	—	—	—	—	—	—	10,1	3,2	28,3	15,3
—	—	—	—	—	—	1	±0,0	7,2	12,4	5,7	20,6
—	—	—	—	—	—	2	±0,0	46,1	78,6	52,3	67,5
—	—	—	—	—	—	—	—	—	Normal	67	—

myra sers god og av fin kvalitet, og i 1949 var det stor høyavling, men av knapt medels kvalitet. Kornavlinga var noko ring alle dei 3 siste åra serleg for skuld ugras i åkeren 1947 og 48 — og i 1949 dertil kjøleg sumar.

#### Temperatur i veksttida.

I tabell 2 har ein medeltemperatur i veksttida for åra 1946—49 samanstillt som pentademidlar på same måten som før. Dessutan

Tabell 2.

Temperatur og nedbør i vekstida på

Månad	Temperatur C <sup>o</sup>				
	1946	1947	1948	1949	Normal
August 1—5 . . . . .	13,7	13,5	11,3	13,0	—
6—10 . . . . .	16,3	14,1	12,2	13,0	—
11—15 . . . . .	13,6	16,0	11,7	10,9	—
16—20 . . . . .	12,2	14,0	11,9	7,6	—
21—25 . . . . .	13,6	13,7	10,9	10,9	—
26—31 . . . . .	14,5	12,5	10,1	14,9	—
Medel/sum . . . . .	13,95	13,91	11,31	11,82	13,10
Varmesum . . . . .	433	431	351	365	406
Sept. 1—5 . . . . .	12,2	14,1	15,7	16,7	—
6—10 . . . . .	11,2	11,7	11,9	13,7	—
11—15 . . . . .	11,7	10,9	11,4	8,7	—
16—20 . . . . .	10,8	9,3	7,0	14,3	—
21—25 . . . . .	9,0	9,7	4,6	9,2	—
26—30 . . . . .	9,7	5,4	6,3	8,6	—
Medel/sum . . . . .	10,78	10,28	9,42	11,87	9,20
Varmesum . . . . .	323	307	282	356	276
Mai/september . . . . .	12,27	12,43	11,34	11,43	11,50
Varesum . . . . .	1877	1903	1735	1748	1760

vil ein og finna medeltemperatur og varmesum for kvar månad i vekstida (mai—sept.).

Ein vil sjå at åra 1946 og 47 stort set har vori normale år eller litt over når det gjeld temperaturen, medan 1948 og serleg 49 har vori kjølege år med litt under normal temperatur. Juni (beste vekst-månaden) har omlag medels eller litt høgare (1947) temperatur enn normalt. Enga har soleis vist jamt god vekst alle år og serleg i 1949, men for bygg var som nemnt veksten mindre god siste åra.

Juli har nær medels temperatur dei 3 første — men sers låg temperatur siste året. Ein skulde ha venta normal og god mogning av bygg i 1947 og 48 i kvart fall, men når det ikkje vart slik får ugraset taka skulda — og i 1949 kjøleg vær og legde.

August hadde og litt over medels temperatur i 1946—47, men sers kjøleg 1948 og 49 og mindre lagleg for god og sikker mogning.

Det var god attvekst (håavling) både i 1946 og 47, men mindre

Mæresmyra. Pentademiðlar 1946—49. (forts.)

Frostnetter-temp. under 0,0 ° C								Nedbør m/m			
1946		1947		1948		1949		1946	1947	1948	1949
Under 0,0 °	Lågste min.	Under 0,0 °	Lågste min.	Under 0,0 °	Lågste min.	Under 0,0 °	Lågste min.				
—	—	—	—	—	—	—	—	13,8	10,1	7,6	13,0
—	—	—	—	1	÷0,3	—	—	8,2	13,1	0,3	24,1
—	—	—	—	—	—	—	—	27,4	4,1	1,5	19,6
—	—	—	—	—	—	2	÷0,5	3,3	0,0	11,0	11,8
—	—	—	—	—	—	1	±0,0	0,0	—	2,2	10,3
—	—	—	—	1	÷0,2	—	—	0,2	—	8,0	0,0
—	—	—	—	2	÷0,3	3	÷0,5	52,9	27,3	30,6	78,8
—	—	—	—	—	—	—	—	Normal 83			
—	—	—	—	—	—	—	—	14,8	0,2	10,8	0,5
—	—	—	—	—	—	—	—	1,2	24,1	26,7	4,2
1	÷1,8	—	—	—	—	1	÷1,0	5,0	21,4	22,6	2,1
—	—	2	÷2,0	1	÷3,8	—	—	27,2	8,0	22,0	4,0
1	±0,0	—	—	1	÷1,4	2	÷4,0	21,0	22,1	11,7	0,8
—	—	—	—	3	÷6,0	1	÷1,0	7,8	37,2	14,8	24,0
2	÷1,8	2	÷2,0	5	÷6,0	4	÷4,0	77,0	113,0	108,6	35,6
—	—	—	—	—	—	—	—	Normal 82			
9	÷3,0	13	÷3,5	19	÷6,0	13	÷4,0	314	338	263	320
—	—	—	—	—	—	—	—	Normal 334			

i 1948—49, for skuld det kjølege véret i august. Medeltemperaturen og nedbør i tida 20. juli til 31. august — samt håavling (kg høy pr. dekar) på felta 76 og 138 (gjødsling IV, 140 kg kunstgjødselblanding pr. dekar) går fram av samanstillinga nedanfor:

	20. juli—31. aug.		Håavling	
	Temp. C°	Nedbør	kg høy pr. dekar	Medel
1946	14,5	70 mm.	3. år eng	508
1947	14,6	43 mm.	4. år eng	472
1948	12,2	43 mm.	1. og	
			5. år eng	379
1949	11,9	115 mm.	2. år eng	319
				490 = 100
				349 = 71

September måned var ganske varm (mild) alle 4 åra — og med rett god rotvekstavling dei 3 første, men noko ringare avling siste år for skuld den sers låge sumartemperatur, men nattfrost og delvis

Tabell 3.

## Telemålinger på Mæresmyra 1946—49.

Dato	Måling av	Telelag — tien jord ned på telen målt i cm														1948	1949				
		1946			1947						1948										
		Eng, felt 87 Våt jord	Ompl. voll felt 112, tørt	3. år åker felt 126, våt	Eng, felt 88 tør jord	Ompl. voll felt 87, tørt	3. år åker felt 112, tørt	Udyrka myr	2. år åker sandkj.	Mosemyr		1949									
1/4	Telelag Tien jord	26 0-2	27 6	29 6	47 0	55 0	52 0	54 0	63 0	46 0	43 0	Ikkje sandkj.	Udyrka myr	42 0	40 0	36 4	23 14	29 11	Ikkje på udyrka myr	nokon stad — på åker	
15/4	Telelag Tien jord	17 9	15 17	15 13	46 0	55 0	52 0	54 0	62 0	45 0	42 0	Ikkje sandkj.	Udyrka myr	40 0	40 0	33 8	22 17	23 14	29 11	Ikkje på udyrka myr	nokon stad — på åker
1/5	Telelag Tien jord	8 16	7 21	6 19	33 9	38 13	37 13	49 3	46 12	31 10	33 8	Ikkje sandkj.	Udyrka myr	36 4	40 0	36 4	22 17	23 14	29 11	Ikkje på udyrka myr	nokon stad — på åker
10/5	Telelag Tien jord	0 —	0-2-5 23	0-3-5 22	21 17	28 20	26 19	39 11	34 18	22 17	23 14	Ikkje sandkj.	Udyrka myr	29 11	40 0	36 4	22 17	23 14	29 11	Ikkje på udyrka myr	nokon stad — på åker

20/5	Teelag Tien jord	0	0	0	13	23	17	29	27	17	17	23	Ingen teie i myra — eller eng — og			
30/5	Teelag Tien jord	—	—	—	0-2-3	11	9	21	22	12	13	19		Ingen teie i myra — eller eng — og		
10/6	Teelag Tien jord	—	—	—	0	5	4	14	12	6	7	12			Ingen teie i myra — eller eng — og	
20/6	Teelag Tien jord	—	—	—	—	32	33	28	33	29	27	25				Ingen teie i myra — eller eng — og
		—	—	—	—	0	0	0-3-6	4	0	0	0-3-8	Ingen teie i myra — eller eng — og			
		—	—	—	—	—	—	35	40	—	—	31		Ingen teie i myra — eller eng — og		
Våronna tok til		10/4			22/4				29/4						3/4	
Såtid: Havre		4/5			6/5					8/5					3/5	5/5
Bygg		9/5			8/5					8/5			5/5		11/5	



ulagleg jord gjorde at det vart lita potetavling i 1948 og totalt misslukka avling i 1949.

#### *Nattfrost.*

Talet på frostnetter i veksttida ser ein og av tabell 2.

Det er ikkje så serleg mange frostnetter noko av åra, men dei fell ulagleg til så skadeverknaden er etter måten stor. Det er elles å merka at termometeret er i 1,7—1,8 m høgd over jorda, og det er sikkert kaldare nede ved jorda, så nattfrosten er verre enn tala viser. Stort sett er det frostnettene i mai—juni som har valda mest skade. I 1948 var det mykje skade på kornspirane natt til 21. og 26. mai med fylgjesvis  $\div 4,0$  og  $\div 3,0$  C<sup>o</sup> i 1,8 m høgd. Både havre (sådd 2.—4. mai) og bygg (sådd 5.—8. mai) fekk stor skade som først kring 6.—8. juni var heilt bøtt. I juni var det fleire noko linne frostnetter alle 4 åra, med nokon skade på dei første potetspirane soleis i 1946 — 14. og 17. juni og i 1948 — 11. og 17. og 22. juni då potetgraset fraus ned og veksten vart mykje seinka. 7. og 27. august var det frostnetter att så det vart reint minimal potetavling. Men serleg i 1949 var det total skadefrost på poteten i juni 11. og 23., i juli 18. og 27., og i august 20. og 23. Trass i at det var berre linne frostnetter fekk poteten stor skade — og tok seg ikkje vidare opp att etter 27. juli. Men frostskade på korn i mogninga var det lite av desse åra, først langt ut i september har vi strengare nattfrost og då var alt korn hausta. Litt frostskade på havre i legde var det truleg natt til 20. aug. 1949.

#### *Telemålingar.*

Tabell 3 viser utfallet av utførte telemålingar i 1946—49, samt tida då vårarbeidet tok til og såtid for havre og bygg.

Det var heller lite tele i 1946 og alt kring 7.—8. mai var han ganske burte, og som nemnt vart våronna sers tung og vanskeleg i det våte vèret.

Vinteren 1946—47 kom det ikkje snø før kring midten av februar. I november og desember 1946 var det ganske mildt vèr og ikkje vidare tele. Men i januar 1947 var det kaldt — ned til  $\div 18$ —20 C<sup>o</sup> i lenger tid — og telen vart djup og fast og heldt seg fleire stader i udyrka grasmyr og i dyrka mosemyr til fram imot St. Hans. Telen vart målt fleire stader på udyrka og dyrka grasmyr og mosemyr (åker og eng) 4 gonger i tida 3. januar til 15. februar (då snøen la seg) og så alt 10 gonger frå 1. april til 20. juni 1947. Ein har eit utdrag av målingane i tabell 3.

Som så ofte før viste det seg at telen var mest hard og fast (kompakt) i våt jord (myr). Soleis fastare og heldt seg lenger i udyrka enn i dyrka myr både på grasmyr og mosemyr. Dette gjeld også for ganske opne partier utan vegetasjon eller med litt starr og siv, men utan mose (isolasjon) på udyrka myr.

På eit grøttefelt til beite var telen litt djupare og serleg fastare

— og heldt seg lenger på 30 m — enn på 10 m teig. No kan det vera at myra er meir eller mindre ujamn (grunn myr) på teigane, så det kan vera vanskeleg å samanlikne målingane og dra nokon konklusjon av dette. Det kan synast rimeleg at når grunnvatnet står noko høgt i jorda — er det meir vatn som fryser til is og telen vert meir kompakt — enn ved lågt grunnvatn i turrare jord, der vert telen meir porøs ved større lufttilgang. Likeså skulde — under elles like tilhøve (kappilæreivne) i jorda — meir grunnvatn kunne stige og fryse til is, m. a. o. kappilariteten (stigninga av vatn i jorda) skulde haldast lenger og betre ved lag når grunnvatnet står høgt enn når det står lågt (djupt) i jorda. Så vidt ein kan skyna skulde svenske lysimeterforsøk (Franck) visa dette, men tilhøva i naturlege jordlag og i lysimeter kan vel skifta noko.

Som kjendt er det stigninga (hevinga) av vatnet i jorda ved telefrysing som er viktigaste årsak til at telen «skyt» og at jorda vert sers våt (avgir fritt vatn — så t. d. vegen vert ei blaut gyrme) når telen går. Her er elles mange vanskelege og ugreste spursmål som ein ikkje skal koma vidare inn på her. Truleg kan det verta høve til å ta fram alle målingane her på Mæresmyra til statistisk handsaming seinare.

I 1948 og 49 var det ingen tele her på myra — og tørt vér og lett våronn første året, men mykje nedbør og sers tung våronn i 1949. Sjøl om det kan verta rett bra avling på myra her, med noko veik grøfting har ein soleis likevel vansken med jordarbeiding og hausting på våt jord vår og haust.

Med tidleg vår — som t. d. i 1946 og serleg i 1948 — må vårarbeidet byrja tidleg på myra — og ut frå reint eksperimentell synsstad vilde det i slike år vera av interesse å prøve med noko tidlegare sånad enn den tradisjonelle såtida dei fyrste dagane i mai.

#### *Tidlege — eller seine år.*

Notater over skjoting og blomstring for engrevehale og timotei — ein tidleg og ein sein grasart — samt såtid, skjoting og hausting (mogning) for 2 bygg- og 3 havresortar, har ein i tabell 4. Tidleg eller sein vekst i desse 4 åra samanlikna med medel for dei siste 11 år går og fram av tabellen.

Det var sers tidleg vår i 1948 — så omlag medels i 1946 og noko sein vår serleg i 1947, men også i 1949.

Meir eller mindre drivande vér i veksttida, eller bolkar av denne vil skuva fram eller seinka utviklinga, så vekstkurva vert skiftande og ujamn utetter sumaren. Den reint vegetative utviklinga — tunn eller frodig vekst verkar og til tidleg eller sein utvikling. Skade av nattfrost eller annan vérskaade (hagl) sett og veksten attende og uthaler dei ymse vekstfaser.

1946 var eit sers gunstig år med jamn medelstidleg vekst og rett god avling. I 1947 fall dei ymse vekstfaser noko tidleg — trass i sein

Tabell 4.

*Skjoting, blomstring og hausting m. v. for ymse vekster på Mæresmyra 1946–49.*

Planteslag	Vekstfaser	Dato noteringar					Medel 11 år
		1946	1947	1948	1949		
Engrevehale	Skjoting	25/5	2/6	14/5	27/5	30/5	
	Blomstring	4/6	16/6	3/6	7/6	12/6	
Timotei	Skjoting	25/6	30/6	21/6	23/6	27/6	
	Blomstring	13/7	15/7	10/7	14/7	17/7	
	Slottonna: Tok til Ferdig	9/7 24/7	8/7 23/7	5/7 22/7	7/7 27/7	9/7 27/7	
Byggsortar	Sådd	9/5	9/5	10/5	12/5	10/5	
Jotun	Skjoting	7/7	30/6	8/7	5/7	8/7	
	Hasting	11/8	8/8	17/8	20/8	15/8	
Asplund	Skjoting	10/7	2/7	11/7	8/7	12/7	
	Hasting	14/8	12/8	26/8	25/8	22/8	
Havresortar	Sådd	3/5	6/5	3/5	5/5	4/5	
Nidar II	Skjoting	9/7	5/7	11/7	12/7	12/7	
	Hasting	15/8	14/8	29/8	31/8	24/8	
Hird	Skjoting	15/7	12/7	14/7	18/7	18/7	
	Hasting	21/8	20/8	9/9	5/9	1/9	
Strind	Skjoting	16/7	12/7	15/7	20/7	19/7	
	Hasting	27/8	29/8	11/9	10/9	5/9	

vår. Det var bra, drivande vér på fyresumaren og noko tunn åker serleg for bygg. Ei svær haglskur som gjekk over austre del av Innderøy og Sandvolla, Borgenfjorden og vestre del av Sparbu 23. juni og gjorde stor skade, nådde ikkje vidare fram til Mæresmyra og valde ingen skade her.

1948 var eit tidleg år, men frostskaade i mai/juni sette veksten attende 2—3 vikor for vårkorn og potet, og det kjølege véret med natffrost i august seinka mogninga nokså mykje.

1949 var og eit seint og noko kaldt år med skade av natffrost (serleg på potet) både fyre- og ettersumar — og sein mogning og hausting av vårkorn.

Det har ikkje vori vidare åtak av plantesjukdomar i desse åra. I 1946 var det noko turråte på potetene, men berre på riset. Litt flatskurv er det og på ymse potetsortar år om anna — soleis på Up to date (Grahm), Louis Botha og Arran Pilot m. fl. medan slike som Kerrs Pink, Marius og Jøssing går meir fri.

Vanlege og sterke åtak av kålflue (*Chortophila floralis*) på kålrot og delvis på nepe hadde vi i 1946 og serleg i 1948 og 49 medan 1947 var betre. Det har som før vist seg at ymse sortar nepe og kålrot er meir utsett for kålflueåtak enn andre. Sortering etter skade av rotmakken i sortforsøk med nepe og kålrot i 1945 og 46 viste slikt utfall:

Nepe, % av røtter (etter tal).	1—2 ingen, eller liten skade.	3—4 sterk skade
Fynsk bortfelder	99	1
Østersundom	99	1
Kvit mainepe	86	14
Hautnepe	84	16
Dales hybrid	67	33
White glob	48	52
Kålrot %	1—2 matrøtter	3—4 sterk skade
Bangholm	63	37
Trønderkålrot	47	53

Vidare kommentar til ovanstående tal er ikkje naudsynt. Ein skal berre legge til at etter forsøka her har Bangholm 12 % større tørstoffavling enn Trønderkålrot så dyrkingsverdet skulde vera greit.


Ein av dei største vanskane for den vanlege drifta — og serleg for forsøka — her i dei seinare år er ugraset. Det er serleg rotugras som nyseryllik (*Achilléa ptármica*) og eindel åkerdylle (*Sonchus arvensis*), og av frøugras er serleg vassarven (*Stellaria média*) lei på våt myr. Den etter måten veike grøftinga her får ta noko av skulda for dette — og gjer ugraskampen vanskeleg. Eit skifte har i seinare år vorti så ugrasfengd at det vanskeleg let seg gjera å plase-re vanlege forsøk der. Av andre ugras som ser ut til å vera på

frammarsj har vi linbendel (*Spérgula arvénsis*) i åker — og soleie (*Ranúnculus acer* og *repens*) samt syre (*Rumex acetósa* og *acetosélla*) i eng.

Kan ikkje dei nye ugrasdreparane (hormoner m. v.) ta knekken — serleg på rotgraset, vert det nok i framtida naudsynt med meir gjennomgripande rådbøter.

### KVERNELANDS «KJEMPEPLOG».

Kvernelands Fabrikk A/S har konstruert en helt ny «Kjempeplog» for nybrott. Den har vært prøvekjørt flere ganger, den avsluttende prøve ble holdt den 8. oktober 1948. Plogen har siden vært brukt i Gudbrandsdalen og har gjort et godt arbeid så vidt vi har fått opplyst.



Plogen likner en 1-skjærs traktorplow på hjul — slepeplog. Den er meget grovt konstruert. Prøveplogen hadde ås av 2" × 4" leget stål, hjulakslinger av 2½" × Ø, også av leget stål. Hjul og clutch er av ekstra god utførelse. Plogen har ikke sikring, da det er meningen at alt skal holde inntil trekkmaskinen må stanse (kfr. figuren).

Skjæret er på 22". Veltefjøl og skjær tilsammen måler ca. 1 m. Vekten var 550 kg, men de senere ploger blir ganske betydelig tyngre.

Ved prøvene pløyde «Kjempeplogen» maksimum 43 × 93 cm velte, men vanlig arbeidsevne vil være ca. 40 × 80 cm, alt etter som jorden er. En kan også pløye 25 × 60 cm.

Pris. Det foreligger ikke kalkyle over denne plogen enda, men en antar prisen vil ligge mellom 3—4000 kr. Prisen må godkjennes av Prisdirektoratet. Høsten 1950 blir det produsert 15 ploger, som imidlertid allerede er solgt.

En regner med at det trenges en beltetraktor eller Bulldozer på 40—50 hestekrefter som trekkraft.

Fabrikken mener at dette er framtidens nybrottsplow. Den tar full dybde med en gang, 40 cm, noe som ingen plow her i landet før har klart. Grubbing er således unødvendig.